



Møre og Romsdal
fylkeskommune

saksframlegg

Dato:	Referanse:	Vår saksbehandlar:
15.03.2017	36224/2017	Inger Anita Sjømæling

Saksnr	Utval	Møtedato
	Yrkesopplæringsnemnda	23.03.2017
	Utdanningsutvalet	23.03.2017

Tiltak for fleire lærepassar - utviding av oppgåver og ressurs for dei yrkesfaglege nettverka

Bakgrunn

I mars 2016 vart det skrive ein ny samfunnskontrakt for fleire lærepassar. Partane i arbeidslivet vart einige om eit felles mål om at alle kvalifiserte søkerar skal få tilbod om lærepass.

Samfunnskontrakten skal følgast opp på nasjonalt nivå og skal vere årleg tema på toppmøte mellom leiarane for partane. Det første er å bidra til å opprette lokale nettverk. I løpet av det første året skal det etablerast lokale nettverk i alle fylke.

I juni 2016 sendte Kunnskapsdepartementet (KD) ut eit brev til alle landets fylkesordførarar med overskrifta:

«Arbeidet med å skaffe lærepassar er ei politisk utfordring»

Partane i samfunnskontrakten har forplikta seg til å bidra til at det vert etablert lokale nettverk som skal arbeide for å skaffe fleire lærepassar. I brevet frå KD så gir kunnskapsministeren uttrykk for at dei organisasjonane som har underskrive samfunnskontrakten bør bli invitert med i dei lokale nettverka.

Senter for IKT i utdanninga har på oppdrag frå KD utarbeidd eit elektronisk verktøy som kan brukast av nettverka for enklare å finne fram til relevante lærebedrifter.

Vurdering

Utdanningsavdelinga har hatt ein prosess der vi har drøfta organiseringa av nettverka. Vi har komme fram til at vi ønsker å bruke dei eksisterande yrkesfaglige nettverka.

Møre og Romsdal fylkeskommune har oppretta nettverk for alle programområde i vidaregående skole. Av desse er det 8 yrkesfaglege nettverk. Kvart nettverk har ein leiar som er tilsett i skolen og som har ein liten ressurs for å administrere nettverka. Ressursen er utrekna i forhold til kor mange lærarar som underviser i faget, kor mange elevar det er i faget og kor mange skolar som har tilbodet.

I mandatet til dei yrkesfaglege nettverka står det mellom anna at dei skal:

«Ha eit tettare og godt samarbeid med bedrifter med tanke på å etablere fleire praksisplassar og lærepassar. Dei skal sjå dette i samanheng med faget yrkesfagleg fordjuping (YFF) der elevane er ute i praksis som elevar»

Fylkesutdanningssjefen meiner at det er betre å bruke dei eksisterande nettverka når oppgåvane er såpass like. Frå før er arbeidsutvala i dei yrkesfaglege nettverka representert med:

1. Nettverksleiar som er peika ut av utdanningsavdelinga og skal vere ein skoleleiar eller ein programfagleiar frå ein av dei vidaregåande skolane.
2. Rådgivar frå opplæring i bedrift
3. Representant frå opplæringskontor eller frå ei bedrift
4. 1 – 2 fagkontaktar frå skolane som skal spegle breidda i programområda på dei ulike nivå

For å fylle krava til KD så bør arbeidsutvala utvidast med ein person frå yrkesopplæringsnemnda i minst to møte per år.

Arbeidsutvala skal sette opp eit årshjul ved starten av eit nytt skoleår.

For å kunne arbeide meir med yrkesfagleg fordjuping og å skaffe læreplassar så er det nødvendig med ein utvida ressurs til nettverksleiarane. I tillegg så vert det litt fleire møte å administrere.

Det er ønskeleg å få bruke midlar frå ramme 35, opplæring i bedrift til arbeidet. På grunn av konjunktursvingingar i oljerelaterte næringar så vart det i 2016 langt færre læreplassar enn berekna. På bakgrunn av det er det eit mindreforbruk på ramme 35. Forslaget om bruk av midlane vert lagt fram frå for fylkestinget i april.

Vi ser for oss at kvar nettverksleiar får utvida sin ressurs tilsvarende 5 prosent stillingsressurs. Om det blir tilsett formidlingskoordinatorar i regionane så må nettverka ha eit samarbeid med desse. I tillegg må dei rapportere til fylkeskommunen om resultat i forhold til fleire læreplassar.

Forslag til vedtak:

Med etterhald om godkjenning i fylkestinget, om disponering av mindreforbruk på seksjon opplæring i bedrift 2016, ramme 35, vil nettverksleiarane få auka sin ressurs tilsvarende 5 prosent stillingsressurs.

Tiltaket skal ha ei varighet på 2 år.

Tiltaket må vurderast innan utgangen av skoleåret 2018/2019.

Ottar Brage Guttelvik
fylkesrådmann

Erik Brekken
fylkesutdanningssjef

Vedlegg

- 1 Samfunnskontrakt for fleire lærepassar
- 2 Brev frå Kunnskapsdepartementet datert 07.06.2016